



Arkivnr: 2014/10430-50

Saksbehandlar: Charlotte Espeland

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kultur- og ressursutvalet		16.09.2014

Kunst- og kulturformidling i skulen - etablering av faggrupper

Samandrag

Kultur- og idrettsavdelinga ved seksjon for kunst- og kulturformidling har ansvar for Hordaland fylkeskommune sitt arbeid med kunst- og kulturformidling i skulen. Gjennom eit årleg program får elevar i grunnskulen og vidaregåande opplæring oppleve breidda av uttrykk; frå scenekunst, visuell kunst, litteratur og musikk, til film og kulturarv. Produksjonane har solid kunstnarleg kvalitet, og borna sine opplevingar og medverknad er i fokus. I tillegg til kvalitet, spelar kriteria som variasjon i og innan uttrykk, spelestad og formidlingsmåte over tid vesentleg rolle når programmet blir lagt.

Hordaland fylkeskommune ønskjer å styrke arbeidet med kunst- og kulturformidlingsprogrammet i skulane ved å sette ned faggrupper og eit overordna fagleg råd. I faggruppene sit fagpersonar som gjer ei fagleg vurdering av dei einskilde forslaga. Ein representant frå kvar faggruppe sit i det faglege rådet, som definerer særskilde satsingar og ser på programmet frå eit overordna og totalt perspektiv.

Forslag til vedtak

1. Kultur- og ressursutvalet sluttar seg til at det vert oppnemnd fagleg råd og følgjande faggrupper for arbeidet med program for kunst- og kulturformidling i skulen: faggruppe scenekunst, faggruppe visuell kunst, faggruppe film og faggruppe litteratur. Fylkesrådmannen kjem attende til om det på eit seinare tidspunkt er naudsynt med faggrupper også for musikk og kulturarv.
2. Faggruppene har følgjande mandat: gjere ei fagleg vurdering av kvart forslag som har kome innan fristen, og legge ei innstilling fram for det faglege rådet.
Det faglege rådet har følgjande mandat: definere særskilde satsingar og sjå på programmet frå eit overordna og totalt perspektiv. Hordaland fylkeskommune legg endeleg program med bakgrunn i innstilling frå fagleg råd, og med omsyn til variasjon i uttrykk, formidlingsstad, formidlingsform etc. Endeleg program vert vedtatt av Kultur- og ressursutvalet.
3. I faggruppene skal det sitje eksterne og interne fagpersonar, gruppene skal ha minimum tre og maksimum fem representantar. Det faglege rådet skal bestå av ein representant frå kvar faggruppe, ein representant frå musikk og ein frå kulturarv, og lærar- og elevrepresentantar frå grunn- og vidaregåande skule. Representantane i gruppene og fagrådet vert oppnemnd for tre år.
4. Faggruppene og det faglege rådet verkar frå og med handsaming av forslag til programmet for skuleåret 2015-2016.
5. Kostnadane vert dekt over budsjettpost 400.710.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Anna Elisa Tryti
fylkesdirektør kultur og idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Fylkesrådmannen, 27.08.2014

Kunst- og kulturformidling i skulen

Kultur- og idrettsavdelinga ved seksjon for kunst- og kulturformidling har ansvar for Hordaland fylkeskommune sitt arbeid med kunst- og kulturformidling i skulen. Gjennom eit årleg program får elevar i grunnskulen og vidaregåande opplæring oppleve breidda av utrykk; frå scenekunst, visuell kunst, litteratur og musikk, til film og kulturarv. Produksjonane har solid kunstnarleg kvalitet, og borna sine opplevingar og medverknad er i fokus. I tillegg til kvalitet, spelar kriteria som variasjon i og innan uttrykk, spelestad og formidlingsmåte over tid vesentleg rolle når programmet blir lagt.

Hovudmålsettinga er at alle elevar skal få høve til å oppleve kunst og kultur av høg kvalitet, med håp om at dei etablerer og utviklar eit aktivt og positivt tilhøve til kunst og kultur.

Hordaland fylkeskommune sin kunst- og kulturformidling til skulane er, i tillegg til fylkeskommunale midlar, basert på spelemidlar til Den kulturelle skulesekken (DKS) og samarbeidsavtale med Rikskonsertane.

Organisering i dag

DKS er ei nasjonal ordning som er tufta på eit godt samarbeid mellom kultur- og skulesektoren på alle organisatoriske nivå. Den skal medverke til at elevar får oppleve, gjere seg kjende med og utvikle forståing for profesjonelle kunst- og kulturuttrykk av alle slag. DKS er i all hovudsak finansiert av spelemidlar. Etter statlege føringer og fylkeskommunale vedtak skal midlane delvis nyttast av fylkeskommunen og delvis kanaliserast til kommunane. Nasjonale aktørar er Rikskonsertane, Norsk forfattarsentrum, Norsk scenekunstbruk, Nasjonalmuseet for kunst, arkitektur og design, Film & Kino og Norsk kulturråd. Dei nasjonale aktørane har eit overordna ansvar for formidling av innhald i DKS, Rikskonsertane har i tillegg ansvar for produksjon. Sidan 1991 har Hordaland fylkeskommune hatt samarbeidsavtale med Rikskonsertane om produksjon og turne av skulekonserter til elevar i grunnskulen. Skulekonserordininga er finansiert over Kulturdepartementet sitt budsjett, og vert forvalta av Rikskonsertane. Den vert gjennomført i eit produksjonssamarbeid mellom Hordaland fylkeskommune og Rikskonsertane, er landsdekkande og utgjer musikktilbodet i DKS. Nasjonale aktørar og regionale ressurs- og knutepunktorganisasjonar er viktige samarbeidspartar i arbeidet med kunst- og kulturformidlingsprogrammet i skulane i Hordaland.

Utøvarar, institusjonar etc. som ønskjer å kome med i Hordaland fylkeskommune sitt kunst- og kulturformidlingsprogram i skulen må sende forslag til produksjonar innan 1. oktober. Alle sjangrar skal vera med i programmet, og det skal over tid vera variasjon innan kvart uttrykk, forskjellige visnings-/spelearenaer og formidlingsmåtar. Dette betyr med andre ord at til dømes innan scenekunst skal vi ha både dans og teater, og innan musikk både rock og folkemusikk, visningsarena skal vera både skule og kulturbygg, og formidlingsmåte skal variere frå rein oppleving til verkstad/ medverknad. Også bokbåten Epos er arena for kunst- og kulturformidlinga.

Fagleg råd og faggrupper

Fylkesrådmannen ønskjer å styrke arbeidet med kunst- og kulturformidlingsprogrammet i skulane ved å etablere faggrupper og eit overordna fagleg råd. Formålet med dette er både å styrke kvalitetsvurderinga av produksjonane, og i større grad å opne for medverknad og dialog med det rike og dynamiske kunst- og kulturlivet i Hordaland. I faggruppene skal det sitje både eksterne og interne fagpersonar. Ein representant frå kvar faggruppe sit i det faglege rådet, som definerer særskilde satsingar og ser på programmet frå eit overordna og totalt perspektiv. Det har i fleire rapportar vore peika på at skulen, og særslig eleven, i svært liten grad får påverke programmet. Dette tar Hordaland fylkeskommune på alvor, og inkluderer både skulen og eleven i den nye strukturen.

Uttrykka i programmet er svært forskjellige, og mengda forslag varierer stort. Musikk er det uttrykket som i størst grad skil seg frå dei andre utrykka. Jamfør avtalen med Rikskonsertane vert det sett som vilkår at «...fylkeskommunen skal ha en eller fleire musikkprodusenter som skal ivareta den kunstneriske kvalitet og dialog med Rikskonsertene.» - Hordaland fylkeskommune har med bakgrunn i dette to musikkprodusentar i 100% stilling. Avtalen set vidare som vilkår at «...Musikkprodusentene skal ivaretaka skolekonserordiningens oppgaver for produksjon, tilpasning og dokumentasjon av konsertring og deltagelse i kompetanse – og kvalitetssikringsarbeid». Musikkproduksjonane vert vald ut etter desse linjer, og produsentane har ein grundig dialog og kvalitetsvurdering rundt programmeringa. Tilbodet skal leggast med omsyn til mangfold og variasjon i program, samarbeid med ulike institusjonar i fylket, skular og elevar. Med bakgrunn i

samarbeidsavtalen med Rikskonsertane, ser ikkje Fylkesrådmannen det som naudsynt med eiga faggruppe for dette uttrykket på noverande tidspunkt.

Kulturarv er det uttrykket det er knytt stort utfordringar til i fylkeskommunens program, då det kjem inn få forslag, nokre år berre tre-fire. På den andre sida er dette det uttrykket som er best dekt opp i dei kommunale programma. Kommunane har tett kontakt med dei lokale musea og god kjennskap til fagpersonane i sitt nærmiljø. Seksjon for museum og kulturminnevern med fylkeskonservatoren og hans stab har brei totalkompetanse på feltet, og er involverte i vurdering av dei forslaga som kjem inn. På grunn av mengda forslag, og med tanke på at Hordaland fylkeskommune har stor kompetanse på dette feltet, ser ikkje Fylkesrådmannen det som hensiktsmessig med faggruppe på kulturarv på noverande tidspunkt.

Dei resterande fire uttrykka i programmet er scenekunst, visuell kunst, litteratur og film. Fylkesrådmannen ønskjer å etablere faggruppe for kvart at desse uttrykka. Gruppene skal bestå av minimum tre og maksimum fem personar, og ha som mandat å gjere ein fagleg vurdering av kvart forslag som har kome innan fristen. Faggruppene sine innstillingar går vidare til det faglege rådet, som spissar programmet før endeleg program vert lagt med omsyn til variasjon i uttrykk, formidlingsstad, formidlingsform etc. Endeleg program vert vedtatt av Kultur- og ressursutvalet.

Fylkesrådmannen vil unngå at det sit personar eller institusjonar med sterke eigeninteresser i faggruppene, og ser det derfor som mest hensiktsmessig at det er ressurs- og knutepunktinstitusjonane/-organisasjonane som representerer dei einskilde fagfelta i gruppene. Av omsyn til fornying og for å hindre at ein stivnar i einskilde spor, ser ein for seg at representantane vert skifta ut kvart tredje år.

Når det er gjort erfaring frå arbeidet i fagrådet og faggruppene, vil Fylkesrådmannen kome attende til spørsmålet om det er å aktuelt å gje rådet fullmakt til å fatte vedtak om repertoaret. Fylkesrådmannen vil og på eit seinare tidspunkt kome tilbake til om det er hensiktsmessig med faggrupper også for musikk og kulturarv.

Fylkesrådmannen vil nemne opp fagleg råd og følgjande faggrupper for arbeidet med program for kunst- og kulturformidling i skulen: faggruppe scenekunst, faggruppe visuell kunst, faggruppe film og faggruppe litteratur. I faggruppene skal det sitje eksterne og interne fagpersonar, gruppene skal ha minimum tre og maksimum fem representantar. Det faglege rådet skal bestå av ein representant frå kvar faggruppe, ein representant frå musikk og ein frå kulturarv, og lærar- og elevrepresentantar frå grunn- og vidaregåande skule. Faggruppene har følgjande mandat: gjere ein fagleg vurdering av kvart forslag som har kome innan fristen, og leggje ei innstilling fram for det faglege rådet. Det faglege rådet har følgjande mandat: definere særskilde satsingar og sjå på programmet frå eit overordna og totalt perspektiv. Hordaland fylkeskommune legg endeleg program med bakgrunn i innstilling frå fagleg råd, og med omsyn til variasjon i uttrykk, formidlingsstad, formidlingsform etc. Endeleg program vert vedtatt av Kultur- og ressursutvalet.

Faggruppene og det faglege rådet verkar frå og med handsaming av forslag til programmet for skuleåret 2015-2016.